

Valle kommune

# NÆRINGSPLAN 2024-2028 OG TILTAKSPLAN

5. MARS 2024

## Innhold

<b>1. Planføresetnader .....</b>	<b>2</b>
<b>2. planprosessen .....</b>	<b>5</b>
<b>3. Nosituasjon og utviklingstrekk .....</b>	<b>6</b>
3.1. Demografi og bereevne.....	6
3.2. Utdanning, arbeidsplassar og sysselsettjing .....	6
3.3. Reiselivsnæring.....	9
<b>4. Mål og strategiar frå kommuneplanen .....</b>	<b>10</b>
4.1. Berekraft som gjennomgripande tema .....	10
<b>5. Delmål for planen .....</b>	<b>11</b>
<b>6. Strategiar.....</b>	<b>12</b>
<b>7. Handlingsplan/tiltaksplan .....</b>	<b>14</b>

# 1. Planføresetnader

Den komande næringsplanen speglar vår vilje til å handla i samsvar med nasjonale og regionale prioriteringar samstundes som den blir tilpassa våre strategiar etter lokale forhold og behov. Å integrere slike overordna retningslinjer i vårt næringsplanarbeid er av avgjerande betydning, av følgjande grunnar:

- Lokal kontekst og unikheit: Sjølv om me tek omsyn til overordna planar, er vår lokale konteksten vår og unikheit avgjerande. Den lokale næringsplanen tillèt oss å tilpassa strategiane og tiltaka våre for å maksimera nytta av nasjonale og regionale målsetjingar innanfor våre eigne rammer.
- Kommunen si rolle: Som lokal styresmakt har me ei viktig rolle i å fasilitera næringsutviklinga. Den lokale næringsplanen definerer våre eigne mål, prioriteringar og tiltak for å støtta næringslivet i Valle kommune.
- Regional Samordning: Regionale planar gir ei overordna ramme for næringsutvikling i vårt næringsområde. Ved å tilpassa den lokale planen vår til regionale mål, fremjar me samarbeid og samordning med nabokommunar og regionale aktørar.
- Nasjonale mål og Retningslinjer: Ved å byggja på nasjonale mål og retningslinjer, sikrar me at våre lokale initiativ er i harmoni med nasjonale prioriteringar og lovar. Dette gir oss ei sterk plattform for å søkja nasjonal støtte og ressursar.

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og legg til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet. Sterke lokalsamfunn er grunnsteinar i ei berekraftig utvikling, og det er viktig å motverka sentralisering som svekkjer lokale tenester og tilbod. Levande distrikt er avgjerande for å sikra matproduksjonen og oppretthalde jordbruksareal. Medan nasjonale forventningar ligg til grunn for utarbeidinga av næringsplanen, vil spesielle punkt frå regjeringa sine forventningar få ekstra fokus i planen:

- Auka attraktiviteten til Valle kommune med å styrkje sentrumsfunksjonane.
- Leggje til rette for tilstrekkelege næringsareal med minimale negative konsekvensar for klima, miljø og samfunn.

Regjeringa har fastsett FNs 17 berekraftsmål (sjå bilete 1 under) som det politiske hovudsporet for å takle dagens største utfordringar, også i Noreg. Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelatørar for å realisera ei berekraftig samfunnsutvikling og nå berekraftsmåla i Noreg.

Den komande næringsplanen fokuserer spesielt på bærekraftsmål nummer 9. (Innovasjon og infrastruktur), nummer 11. (Bærekraftige byer og samfunn), og nummer 13. (Stoppe klimaendringar).



Bilete 1: FN's 17 bærekraftsmål.

Regionplan Agder 2030 er eit overordna strategisk styringsdokument for heile Agder-regionen. Den omtalar dei viktigaste utfordringane og moglegheitene for regionen, eit ynskt framtidsbilete for 2030, og kva som skal til for å nå konkrete mål. Planen legg grunnlaget for politikktutforminga i Agder og prioriteringar, samordna innsats og bruk av verkemiddel frå ulike offentlege aktørar. Utvalde mål frå regionplan Agder 2030 inkluderer:

- Attraktive og varierte bu- og arbeidsmarknader i heile Agder.
- Kommunesenter med variert arbeidsliv, teneste- og opplevingstilbod.
- Auka etablering av vekstkraftige små og mellomstore bedrifter.
- Infrastruktur for transport og kommunikasjon tilpassa klimaendringar og ekstreme situasjonar.
- Robust digital infrastruktur med god kapasitet og internasjonal tilknytning.

VINN Agder 2015-2030 er Agders plan for innovasjon og bærekraftig verdiskaping. Planen fokuserer på auka samhandling og kunnskapsdeling. Med VINN Agder ønskjer regionen å vere meir synleg og tydeleg nasjonalt, på område der vi har våre fortrinn. Utvalde punkt frå VINN Agder planen som vil vere viktige i arbeidet med næringsplanen inkluderer:

- Auka etablering av vekstkraftige etableringar.
- Auka bærekraftig verdiskaping.
- Auka entreprenørkunnskap.

- Agder skal bli Nordens mest attraktive region å besøkje for barnefamiljar.
- Satsing på kompetanse innan besøksnæringar for økonomisk, sosial og miljømessig berekraft.

Kommuneplanen set rammene og fastset mål for utviklinga av kommunen. Den identifiserer strategiar for å nå måla i planperioden og styrer administrasjonen sine prioriteringar og vurderingar ved framlegging av saker for kommunestyret. Kommunen fokuserer på følgjande område:

- Samferdsel
- Bukvalitet
- Næringsliv
- Kultur og fritid

Valle sin næringsplan er no utdatert, og delar av innhaldet er allereie følgd opp. I den nye planen er det ynskjeleg å oppretthalde fokuset på Valle kommune si rolle som støttespelar for private verksemder, og sikre at dei kommunale verkemidla vidareførast.

I samband med planføresetnadene er det utført utgreiingar og analysar for å sikra eit solid kunnskapsgrunnlag. Rapportar for desse utgreiingane er lista på siste side av dette plandokumentet.

## 2. Planprosessen


Prosessen starta med at det vart løyvd 200 000 kroner til utarbeiding av ny næringsplan i budsjettet for 2023. Det vart utarbeidd ei prosjektskisse med framdriftsplan som vart presentert for Valle næringslag for tilbakemeldingar. Deretter vart den endelege skissa presentert formannskapet. Prosessen heldt fram med ei spørjeundersøking retta mot det private næringslivet om samarbeidet mellom kommunen og næringslivet. To arbeidsmøte (Workshops) vart avhalde, eitt med formannskapet og eitt der både formannskapet og representantar frå næringslivet deltok. Det har vore ei rekkje medverknadsmøte via næringsfrukostar, spesifikke møte for næringsdrivande, en open innspelskanal gjennom heile prosessen, samt utgreiingar og analyser. Til slutt vart det avhalde eit møte for næringsdrivande i Valle kommune der planen vart presentert og der dei siste innspela vart samla inn før den vart presentert formannskapet og lagt ut på høyring.

Alle utgreiingar og analyser er slutførte med rapport og næringsplanen byggjer på resultatet av desse elementa.

### 3. Nositasjon og utviklingstrekk

#### 3.1. Demografi og bereevne

I 2022 telte Valle kommune 1169 innbyggjarar, med ein liten overvekt av kvinner (innbyggjartalet har gledeleg nok auka i løpet av planprosessen og var pr. 1.1.2024 1205). Gjennomsnittsalderen var 43,8 år for menn og 44,8 år for kvinner. Kommunen har éin barneskule, éin ungdomsskule og éin vidaregåande skule. Folketalet i Valle har falle frå omlag 1450 kring årtusenskiftet, men har no stabilisert seg og vist ein oppgang dei siste åra. Den største reduksjonen i folketalet har vore i Vallebø, medan Rysstad har vist vekst. Samstundes med at levealderen aukar, blir befolkninga stadig eldre. Alderskvoten var 2,6 i 2022 og er anslått å synke til 1,8 i 2040 ifølgje SSB sine framskrivingar. Sjå bilete 2 under for illustrasjon.




Bilete 2

#### 3.2. Utdanning, arbeidsplassar og sysselsetjing


Frå 2017 til 2019 utgjorde vidaregåande utdanning størsteparten av høgaste utdanning i Valle, medan universitetsutdanning utgjorde rundt 5%. Utdanningsnivået blant ungdom i Setesdal aukar gradvis, noko som gjer at dei med høgare utdanning gradvis tek over for eldre arbeidstakarar utan tilsvarande utdanning.

I juni 2023 var det fire personar som var heilt arbeidsledige i Valle. NAV-rapporten basert på tiltaka i 2022 viser ingen permitterte arbeidssøkarar per juli 2023. Sjå bilete 3 under frå arbeidsløysrapporten som er basert på arbeidsstyrketala for 2022.



Bilete 3


Valle har p.t. 230 registrerte bedrifter, inkludert offentlege organisasjonar og lag. Overlevinga blant bedriftene i Valle er litt høgare enn landsgjennomsnittet, med ein stabil situasjon når det gjeld nyetableringar og konkursar. Det er stort behov for arbeidskraft i Valle, særleg etter yrkesfagleg utdanning i tråd med NHO sin bedriftsundersøking i Agder-regionen. Sjå bilete 4 under.



Bilete 4


Sjølv om behovet for yrkesfagleg utdanning er høgt, har Valle ein høgare gjennomføringsgrad enn fylkesgjennomsnittet. Likevel, med berre 2 lærekontraktar i kommunal sektor og 6 i privat sektor per 1000 innbyggjarar, reiser dette spørsmål om utdanning av nok lærlingar. Bilete 5 under, viser mangelen på arbeidskraft i forhold til produksjon av lærlingar i Agder regionen. 15 % av verksemdene som har svart på NAV si bedriftsundersøking for Agder, seier at dei har mislykkast med å finna tilsette med rett kompetanse dei siste tre månader, medan 10 % av bedriftene måtte tilsetja nokon med lågare eller annan formell kompetanse.





Bilete 5

I 2021 hadde Valle kommune ein av dei høgaste sysselsettingsgradane i fylket, med ein aldersjustert sysselsettingsgrad på 82,8%. Arbeidsplassveksten i Setesdal frå 2013 til 2022 har vore null, med ein liten oppgang i privat sektor og ein nedgang i offentlig sektor. Bilete 6 under, viser arbeidsplassveksten i Setesdal i perioden 2013-2022, dekomponert i ulike drivkrefter. Arbeidsplassveksten er lik 0%, kor ein kan sjå ein liten oppgang i det private næringsliv og ein liten nedgang i det offentlege. Setesdals regionen har 8,6% lågare arbeidsplassvekst enn landsgjennomsnittet for 2013-2022.



Bilete 6

Data viser at ein større del av befolkninga i Agder er utanfor arbeidslivet i 2022 samanlikna med for 10 år sidan. I Valle er deltidstilsette kvinner mellom 22 og 66 år høgare enn både landsgjennomsnittet og fylkesgjennomsnittet. Også for deltidstilsette menn er talet høgare enn

landsgjennomsnittet. Talet på deltidstilsette kvinner er dobbelt så høgt som talet på deltidstilsette menn i Valle. Sjå bilete 7 under.

20-66 år	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Valle	33,1	20,6	47,1
Agder	31,8	18,6	46,5
Norge	26,5	16,7	37,3

Bilete 7.

### 3.3. Reiselivsnæring

Dei siste tiåra har norske styresmakter peika på reiseliv som eit viktig satsingsområde. Reiselivsnæringa er ei stor næring med eit turistforbruk på over 100 milliardar kroner årleg. Hushaldningar står for om lag halvparten av dette, medan rundt 20% kjem frå norske bedrifter på forretningsreiser. Utanlandske turistar utgjer om lag 30% av det totale turistforbruket. Ringverknadsanalysen for Setesdal viser at hyttebygging har stor økonomisk betydning, genererer inntekter tilsvarande 158 arbeidsplassar og 93 millionar kroner innan bygg- og anleggsnæringa. Reiselivsaktivitet bidreg òg med inntekter tilsvarande 72 arbeidsplassar og 25 millionar kroner innan varehandel. Dei tradisjonelle reiselivsbransjane som overnatting, servering, opplevingar og transport bidreg med inntekter tilsvarande 132 arbeidsplassar og 72 millionar kroner. Turistane er viktige for den kommersielle berekrafta og støttar kultur og friluftsliv. Prognosar viser forventta vekst på 3% per år i tal turist-innkøstar til 2030. Norsk reiseliv forventast å ha høgare vekst på grunn av etterspurnad etter naturbaserte og autentiske reiseopplevingar. Likevel er det utfordringar som må løysast, inkludert avstand til marknadan, kostnads konkurranseevne, sesongstruktur, berekraftig besøksforvaltning og digitale booking-plattformer.

## 4. Mål og strategiar frå kommuneplanen

Kommuneplanen set rammene og måla for utviklinga i kommunen og inneheld strategiar for å nå desse måla i planperioden. Planen gir ei overordna retning, heller enn å detaljstyre, og er rettleiande for administrasjonen sine prioriteringar og vurderingar når saker vert lagde fram for kommunestyret og ved val av løysingar. Hovudmålet i kommuneplanen er;

- Valle kommune skal ha eit breitt og inkluderande næringsliv, der verksemder innan kultur og handverk og naturbaserte verksemder står sterkt.
- Valle kommune skal vere ein attraktiv «fritidskommune» for Sørvestlandet (Agder og Sør-Rogaland)

Delmåla som følgjer vil byggje på hovudmåla i kommuneplanen, men fokuset vil ikkje nødvendigvis liggje på handverk, natur og kultur, då ein har jobba for desse måla over tid og ein har eit førebels tilfredsstillande tal handverkarar og kulturfokus. Merk også at kommuneplanen vart vedteken i 2016 og av den grunn må seiast å vere mogen for revisjon. For å sikre at kommunen utviklar seg med ei omskifteleg omverd, er det føremålsteneleg å ikkje tenkje for smalt når det gjeld type næring, og heller sjå på det breie og langsiktige biletet. Ein må følgja med på trendar i samfunnet for å vera konkurransedyktig og for å sikre auka vekst.

### 4.1. Berekraft som gjennomgripande tema

Berekraft er eit tema om er gjennomgripande for planen. Kommunen tenkjer økonomisk, sosial og miljømessig berekraft i alle ledd, og det er difor ikkje sett spesifikke berekraftsmål. I alle mål og delmål må det tenkjast berekraft. Berekraftsmåla er nemnde i planføresetnadene som overordna føringar for planen og arbeidet.

## 5. Delmål for planen

Valle kommunes næringsplan baserer seg på følgjande delmål:

1. Valle kommune vil styrkje sin posisjon som ein vertskapskommune for næringsutvikling i kommunen. Valle kommune ynskjer å vere ein attraktiv lokaliseringsstad for ulike typar bedrifter og organisasjonar.
2. Valle kommune anerkjenner viktigheita av tilgjengelege areal og god infrastruktur for eit konkurransedyktig næringsliv. Kommunen vil leggje vekt på å styrkje infrastrukturen og sørge for klargjorde næringsareal som ein konkurransefordel i regionen, og fokusere på optimale forhold for næringslivet gjennom identifisering og implementering av løysingar.
3. Valle kommune vil støtte eit aktivt næringsliv og gründerar som utviklar løysingar for å skape arbeidsplassar. Vi søker å tiltrekke rett og nok kompetanse, samt aktivt samarbeide med næringslivet, forskingsmiljø, og utdanningsinstitusjonar for å fremje innovasjon og nyskaping.
4. Valle kommune satsar på å bli ein framståande turistdestinasjon med unike opplevingar og auka besøksvolum. Dette inneber å styrkje attraksjonar, forbetre turistinfrastrukturen og auke talet på gjesteinnbyggjarar i fritidsbustader og slik støtte veksten i turistnæringa for lokale bedrifter, overnattingsstader, serveringsstader, og fritidsbustader

## 6. Strategiar

### Strategi 1 – Vertskapskommune, samarbeid og møtestad.

Å vera ein dynamisk vertskapskommune som støttar gründerar og innovasjon for å skapa og bevare arbeidsplassar inkluderer å motivere for entreprenørskap og etablering av ein kultur der det er lov å feile. Planlegging og kontinuerleg kompetanseheving er nøkkelområde. Samarbeidet med næringslivet skal bli betra, med fokus på eit levande og attraktivt lokalsamfunn som er ettertrakta både for busetjing og næringsverksemd. Dette inneber styrking av eksisterande sentra, etablering av vekstkultur i samarbeid med det lokale næringslivet, og effektiv dialog og møteplassar.

### Strategi 2 – Areal og Infrastruktur

Valle kommune tryggjer framtida si for bustad- og næringsareal gjennom målretta planlegging for vekst. Kommunen vil fokusere på å byggje og halde oppe ein robust infrastruktur som støttar moderne næringsliv og samfunn. Dette omfattar vegar, vatn- og avløpssystem, energi, bustader og digital infrastruktur. Kontinuerleg vurdering av samfunns-, nærings- og innbyggjarbehov er avgjerande for tilpassing og utvikling av infrastrukturelementa. Nøye evaluering av behovet for næringsbygg blir prioritert for å støtte nyetableringar og utvidingar, tiltrekka investorar og entreprenørar, som gir grunnlag for økonomisk utvikling.

### Strategi 3 – kompetanse, innovasjon og samarbeid

Kommunen har som prioritet å auke tilgangen til kompetanse som støttar næringslivets utvikling og behov, med planar om å utvide aktive tiltak for fleire læreplassar og lærlingar. Det vert erkjent at mangelen på kompetanse krev innovative tilnærmingar for å støtte gründerar og næringslivet generelt. Ei tydeleg satsing på å vera ein aktiv støttespelar og forstå næringslivets behov vil bidra til vellykka samarbeid mellom kommunen og næringa, både internt og med regionale aktørar. Auka kompetanse i kommunen er avgjerande for å leggja til rette for effektive og gjensidig givande partnerskap.

### Strategi 4 - Turistnæringa

For å møte aukande turisme, inkludert turisme tilknytt fritidsbustadar, vil kommunen tilpassa turist-infrastrukturen. Strategien inkluderer å legge til rette for gode overnattingsmoglegheiter, utvikla turstiar for unike naturopplevingar, etablera gode informasjonscenter, og tilretteleggja

nok parkeringsfasilitetar. Gjennom ei gjensidig plattform og møtepunkt ønskjer kommunen å samarbeida med turistnæringa for auka vekst. Prioritering av infrastrukturiltak og eit tett samarbeid med næringslivet gjer kommunen attraktiv for turisme, samtidig som det styrker omdømet som ein progressiv vertskapskommune.

## 7. Handlingsplan/tiltaksplan

### Handlingsplan delmål 1

STRATEGI	TILTAK
Valle kommune skal vera ein attraktiv stad å bu og for å drive næring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Nyta attraktivitets-analyser frå Telemarks-forsking med dagens nivå som 0-punkt. Analysen skal mentorera jamleg for å fylgje utviklinga.</li><li>• Informasjonsdeling og kommunikasjon om næringsarbeidet i kommunen. Minimum månadleg oppdatering med næringsrelatert nytt på kommunen sine heimesider og i relevante informasjonskanalar.</li><li>• Etablere fokusgrupper med næringsdrivande og innbyggjarar der ein minst årleg gjennomfører ei kartlegging av status med omsyn til nærings- og innbyggjarattraktivitet.</li></ul>
Jobba for attraktive sentra i kommunen	<ul style="list-style-type: none"><li>• Leggje til rette for auke talet på sentrumsfunksjonar i Valle og på Rysstad. Konkret kan dette omfatte<ul style="list-style-type: none"><li>○ Eit samarbeid med næringslivet om etablering av polutsal.</li><li>○ Vere ein bidragsytar til å realisere stavkyrkjeprosjektet på Bjugsbakk.</li></ul></li><li>• Leggje til rette for å auke talet på bustadeiningar i sentrumsområda i Valle og på Rysstad, til dømes med rullering av områdeplan.</li><li>• Initiere eit eige prosjekt for å utforme aldersvenlege sentrumsområde i Valle og på Rysstad.</li><li>• Leggje til rette for utvikling av sentrumsområdet i Brokke i samband med kommunedelplanarbeidet.</li><li>• Rullering av områdeplanane i Valle sentrum og Rysstad sentrum</li></ul>

<p>Oppnå eit godt samarbeid mellom kommune og næringslivet</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontinuerleg fokus på JA-innstilling, open dialog og tilgjengelegheit med lokal næringsforeiningar, lokale bedrifter og potensielle nyetablerarar. Ekstra fokus på unge etablerarar som treng rettleiing i det offentlege apparatet.</li> <li>• Næringsrådgjevar, eller vikar for denne i ferietid, skal vere tilgjengeleg og svare raskt på henvendelsar, innafør 1 døgn.</li> <li>• Informasjonsdeling og kommunikasjon om næringsarbeidet i kommunen. Minimum månadleg oppdatering med næringsrelatert nytt på kommunen sine heimesider og i relevante informasjonskanalar.</li> <li>• Etablere fokusgrupper med næringsdrivande og innbyggjarar der ein minst årleg gjennomfører ei kartlegging av status med omsyn til nærings- og innbyggjarattraktivitet.</li> <li>• Gjennomføre systematiske kvartalsvise bedriftsbesøk.</li> <li>• Arrangera næringsfrukostar i samarbeid med næringsforeininga ca. 4 gonger i året.</li> <li>• I samarbeid med aktuelle aktørar, som Valle Sparebank og næringsforeiningane, arrangere ein eller fleire sosiale møteplassar for næringslivet i kommunen. Stø opp om deltaking på Setesdalskonferansen.</li> <li>• Felles utlysing av ledige stillingar i privat og offentleg sektor</li> </ul>
<p>Arbeide for at Valle kommune har ei effektiv og kundeorientert handsaming av bygge- og reguleringssaker, samt alle typar næringsrelaterte saker</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføra kompetansehevande tiltak og dialogkonferansar for plan og byggesaksavdelinga. Leige inn kompetansemiljø på plan- og byggjesak som kjenner næringslivets behov.</li> </ul>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide god rutine for dialog, tilbakemeldingar og samarbeid med selskap som fremjar byggje og reguleringssaker. Hovudprinsippet må vere å sjå etter moglegheiter, og ikkje avgrensingar, innanfor gjeldande lov- og planverk.</li> <li>• Prioritere større plan- og byggjesaker som vedkjem viktige samfunnsmessige funksjonar, sysselsetjing og verdiskaping lokalt.</li> </ul>
--	--

## Handlingsplan delmål 2

STRATEGI	TILTAK
Sikre tilgjengeleg areal, både for bustader og næringsverksemd	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre tilstrekkeleg med nye, attraktive næringsareal i kommuneplanens arealdel .</li> <li>• Halde ved like oversikt over ledige næringsareal og publisere relevant informasjon og oversikt på heimeside.</li> <li>• Til ei kvar tid ha klargjort ledig næringsareal.</li> <li>• I samarbeid med eigarar av næringsbygg og -område, kartleggja potensialet for fortetting, fornying og betre utnytting.</li> <li>• Sørgja for nok areal til bustader i kommunale bustadfelt, og at ein del av arealet er klargjort til utbygging.</li> </ul>
Arbeid for at Valle kommune har attraktive bustadtomter og bustader	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fremje offentleg-privat samarbeid om bustadutbygging, m.a. i form av at kommunen vurderer kjøp av bustadeiningar til eigen bruk i utbyggingsprosjekt som skjer i privat regi.</li> <li>• God dialog, service og korrekt rettleiing i møte med aktørar som</li> </ul>

	<p>ønskjer å utvikla kommunen både når det gjeld nærings- og bustadprosjekt</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdere nye bustadområde i samband med revisjonen av arealdelen i kommuneplanen.</li> </ul>
Arbeid for at kommunen har ein god infrastruktur for næringslivet når det gjeld viktige område som veg, vatn- og avlaup, energiinfrastruktur, bustadinfrastruktur, og digital infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontinuerleg kartleggje og vurdere behova for infrastruktur, minimum årleg gjennomgang i forkant av budsjethandsaminga.</li> <li>• Leggje vekt på tett samarbeid og minst årlege kontaktpunkt med Statens vegvesen, Agder fylkeskommune, eigarar av elnett og digital/fibernet og andre nasjonale og regionale aktørar som har ei rolle i vidareutviklinga av infrastrukturen.</li> <li>• Dei neste åra må fokuset i særleg grad rettast mot å sikre tilstrekkeleg kapasitet i elnettet for å møte behova det grønne skiftet gjev oss. Saman med netteigar og næringslivet etablere ein plan for dette.</li> <li>• Likeins må det utarbeidast ei kartlegging av status for digital infrastruktur (mobil og fiberteknologi) og peikast på moglege tiltak for å styrkje dette.</li> <li>• Delta aktivt i det planlagde pilotprosjektet i Setesdal om kritisk infrastruktur, der Statsforvaltar, fylkeskommune og eigarane av infrastrukturen er med.</li> </ul>
Vurdere behov for klargjort næringsareal	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføre ei spørjeundersøking til næringsliv, gründerar og innbyggjarar om behovet for klargjort næringslokale.</li> <li>• Gjere ei vurdering av moglegheiter for organisering og finansiering av kommunale næringsbygg.</li> </ul>

### Handlingsplan delmål 3

STRATEGI	TILTAK
Stimulere til innovasjon hos eksisterande bedrifter	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide for at innovasjon blir eit viktig tema ved drive opplysningsarbeid og vidareformidle informasjon frå regionale aktørar i verkemiddelapparatet (SIPR, fylkeskommune og Innovasjon Norge).</li> </ul>
Sørgje for at skuleelevar, studentar, foreldre og arbeidstakarar har ein god kunnskap om næringslivet i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Inngå avtale med skulen i Valle om ein årleg dag der verksemder kan visa fram viktige arbeidsplassar i kommunen og kva moglegheiter ein har for arbeid.</li> <li>Informasjonsdeling og kommunikasjon om næringsarbeidet i kommunen. Minimum månadleg oppdatering med næringsrelatert nytt på kommunen sine heimesider og i relevante informasjonskanalar.</li> </ul>
Arbeide for at regionen har eit godt tilbod om vidareutdanning til relevante arbeidstakargrupper inkludert flyktingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablere eit samarbeid med Agder fylkeskommune, UiA, Fagskolen, SIPR og NAV om utvikling av eit godt vidareutdanningstilbod.</li> </ul>
Tilby rettleiing til gründerar og vekstetablerarar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Auka kompetanse hos rådgjevar for å tilby personleg rettleiing om moglegheiter, og tilvising til rett instans.</li> <li>Tett samarbeid med SIPR, Innovasjon Norge og etablerarsenteret i Agder.</li> <li>Utvikle eit eige etablerartilbod for nye etablerarar. Særleg fokus på rettleiing i det kommunale systemet.</li> </ul>
Tilby eit godt og kreativt samarbeidsmiljø for gründerar, vekstetablerarar og pendlararbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Initiere etablering/delta i etablering av næringshage/Co-Works i Valle.</li> <li>Støtte opp om tilsvarande planar i regi av Brokke AS (i Brokke).</li> <li>Styrkje marknadsføringa av næringshagen på Rysstad.</li> </ul>
Leggja til rette for tilgang på privat og offentleg kapital til innovasjonsarbeid, gründerar og vekstetablerarar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeid og dialog med etablerte kapitalmiljø, som til dømes Valle Sparebank, om kapitaltilgang for privat næringsliv.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppdatere næringslivet på kunngjorde midlar og tilskotsordningar i det offentlege verkemiddelapparatet.</li> </ul>
Regionalt samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delta i relevante samarbeidsmøte - og aktivitetar med dei andre regionale kommunane, som både plan og næringsforum der SIPR er arrangør.</li> <li>• Ha ein tett dialog og godt samarbeid med seksjon for næring og entreprenørskap og andre relevante seksjonar i Agder fylkeskommune.</li> <li>• Delta på verkemiddelsamlingane frå fylkeskommunen og aktivitetar.</li> <li>• Vidareformidle relevant informasjon frå møtepunkta til lokalt næringsliv</li> </ul>
Tilby økonomisk støtte	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføring og utvikling av kommunalt næringsfond og støtteordningar til landbruket.</li> </ul>

#### Handlingsplan delmål 4

STRATEGI	TILTAK
Infrastrukturtilpassingar som støttar veksten i turistnæringa	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre samarbeidet med Valle Sparebank og Valle IL, og evt. andre friviljuge lag, om drift og utvikling av turløypenettet i kommunen. Turløypenettet skal i størst mogleg grad utviklast med utgangspunkt i områda der konsentrasjonen av næringsaktivitet er størst og parkeringstilhøva er avklarte.</li> <li>• I samarbeid med vegeigar (Agder fylkeskommune) og samarbeidskommunar sikre opningstider på Brokke-Suleskarvegen (fv 450) som tek omsyn til ringverknadene for lokalt næringsliv.</li> <li>• Arbeide aktivt for at fylkeskommunen set av midlar til vedlikehald og oppgradering av fv 450 over Bjørnevatn.</li> </ul>

<p>Samarbeide med lokale næringsdrivande for å utveksla kunnskap og ressursar, slik at ein kan oppnå ein større kulturell og økonomisk innverknad</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opprette ei felles plattform og regelmessig møtepunkt for kommune, reiselivsnæringa og lokale og regionale reiselivsaktørar.</li> </ul>
<p>Turistinformasjon tilpassa dagens og morgondagens behov</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Evaluere turistinformasjonen i løpet av hausten 2024 og vurdere omfang, kvalitet og bruk av ny teknologi i samband med dette.</li> </ul>
<p>Marknadsføring og synlegheit</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide ein heilskapleg digital marknadsføringsstrategi for kommunen.</li> <li>• Identifisere og promotere unike opplevingar og attraksjonar i kommunen gjennom ulike marknadsføringskanalar, med fokus på å tiltrekkje besøkande og skape positiv merksemd.</li> <li>• Styrkje samarbeidet med Visit Setesdal og arrangement for å skape synergjar i marknadsføringa, og utnytte felles ressursar for å auke sindigheita for kommunen.</li> <li>• Organisere verkstader og opplæringssesjonar for lokale bedrifter og interessentar, med fokus på effektiv marknadsføring og korleis dei kan dra nytte av samarbeidet med Visit Setesdal.</li> <li>• Engasjere lokale påverkarar og ambassadørar til å promotere kommunen og attraksjonar gjennom deira nettverk, både online og offline.</li> </ul>